



OSMERRA

nummer 5

mars 2000



Dugnadsarbeid. Reparasjon av perrongen på Stend stasjon våren 1999.

Osmerra

Informasjonsorgan for foreininga Osbanens Venner.

Nr. 5 - mars 2000

Redaksjon: Per Ivar R. Tautra (red.), Oddvar Skre,
Egil Olav Jakobsen.

Osbanens Venner, Pb 178 Nesttun, 5852 Bergen

e-post: oddvar.skre@nisk.no
perivar.tautra@c2i.net

Museet Stend stasjon i 2000

Museet vil i år 2000 halda ope alle søndagar i juni og august. I samband med opninga av Kulturby 2000 vil museet i tillegg halda ope søndag 20. februar.

Museet kjem òg til å halda ope ein søndag under Kulturdagane i Fana til hausten. Dato ikkje fastsett.

Alle dagar med ope museum er opningstida kl. 11-15.

Oppdatert informasjon vil du finna på
<http://home.c2i.net/rotvoll/osbanen/stend.html>

GODT NYTT ÅR!

Det er litt spesielt å seia godt år denne gongen. For det er første gongen me får oppleva å skifta tusenår. Overgangen er på mange måtar historisk, og mange har brukt lyttartid eller spalteplass til å trekkja historiske linjer, og til å oppsummera kva som har skjedd i Noreg og verda dei siste ti, hundre eller tusen åra.

Sidan Osbanens Venner er eit lag der føremålsparagrafen er å ta vare på eit stykke historie, kan det kanskje vera på sin plass å memoera litt for oss òg. For hundre år sidan hadde Osbanen vore i drift i snart seks år. Sjølv om trafikken ikkje var lågare enn venta, hadde direksjonen til då ikkje fått oppleva spesielt oppløftande resultat, og vonde tunger snakka endåtil om å leggja ned heile banen. Heldigvis, eit par år seinare snudde trenden og Osbanen gjekk inn i ei tid med aukande trafikk og positive tal i rekneskapen. Hadde det gått så ille som nokon ville i 1900, hadde nok ikkje mange minna, korkje i husk eller handfaste ting frå banen, eksistert i dag!

Ta gjerne turen innom Stend stasjon i løpet av året!

Årsmelding for Osbanens Venner 1999

Årsmøte og styre

Ordinært årsmøte i Osbanens Venner vart halde onsdag 24. mars 1999. Seks medlemmer var til stades. Møtet gjorde mellom anna vedtak om at kontingenten for 2000 skal haldast på same nivå som i 1999, altså 100 kroner.

Årsmøtet gjorde val på nytt styre og medlemmer til andre tillitsverv. Etter årsmøtet har Osbanens Venner hatt desse tillitsvalde:

Formann: Oddvar Skre
Kasserar: Egil Olav Jakobsen
Sekretær: Per Ivar Rotvoll Tautra
Styremedlemmer: Anders Kåre Engevik
Torleif Jordal (ny)
Varamedlemmer: Ketil Aspevik
Magnar Brekke (ny)

Revisor: Harald Jonassen
Vara for revisor: Anne Marie Flaterås

Valnemnd: Paul Martin Kronheim (ny),
Harald Jonassen (ny)
Kåre Vågsbø Johnsen (ny).

Formann vert valt for eitt år av gangen, styremedlemmer for to år. Varamedlemmer og andre tillitsvalde vert valde for eitt år. Torleif Jordal vart valt inn som styremedlem for eitt år for Atle Skjerlie som ikkje stod på val dette året, men som hadde bede om fritak for styrevervet.

Årsmøtet vel ikkje kasserar og sekretær. Etter vedtektene konstituerer styret seg sjølv. Det har i meldingsåret vore halde tre styremøte.

Museet Stend stasjon

Det har i 1999 vore halde ope museum på Stend stasjon frå kl. 11 til 15 alle søndagar i juni og august. Til saman utgjorde dette ni søndagar. Opningstidene har vore dei same som i 1998. Styret fann ikkje grunn til å endra på desse, då dei har synt seg å fungera svært godt. Sjå om grunngevinga for desse i årsmeldinga for 1998. På ordinære dagar med ope museum i 1999 har vi totalt hatt oppimot 350 besøkjande. Personar som berre så vidt har vore innom døra og snudd att, er ikkje rekna med. Styret

vil uttrykkja at dei er nøgde med dette resultatet. Det er på om lag same nivå som i 1998.

Også i år heldt vi ope museum under Kulturdagane i Fana og Ytrebygda, søndag 17. oktober. Nesten 50 personar var innom museet denne dagen.

Nesttun-Osbanen Brevhus har vore ope når museet har vore ope. Salet av frimerke har vore betre enn i fjoråret, men likevel ikkje så godt som ønskjeleg.

Onsdag 8. september hadde vi omvising for ca. 45 lærarar frå Kirkevoll skole. Skulen vil truleg koma tilbake med elevar neste haust.

Måndag 8. november hadde vi omvising for ei mindre speidargruppe (alderstrinn 5-7. klasse) frå Indremisjonen.

Annonsering: Vi hadde før sesongen starta inn ei lysing i Fanaposten og ei i Os og Fusaposten. Mot slutten av sesongen laga sekretæren utkast til brosjyre for museet. Denne er laga på eit A4-ark som er bretta to gonger (som ein standard faldar). Teksten er kort og informativ og fortel litt om Osbanen, kva ein kan sjå på Stend stasjon, opningstider og om Osbanens Venner. Vi vil til 2000-sesongen freista å leggja ut brosjyrer på strategiske stader som t.d. Hordamuseet eller McDonald i Rådalen.

Per Ivar Tautra sine nettsider med informasjon om Osbanen og museet er på slutten av året forbetra og utvida med meir historisk stoff. Adressa er <http://home.c2i.net/rotvoll/osbanen/>

Utført arbeid på stasjonen

Dei lange borda som utgjorde perrongen på stasjonen og heldt grusen på plass, har dei siste åra stått meir og meir skeivt. Då vi i vår ville retta opp perrongen, viste det seg at borda var gjennomrøtne. Borda var berre ti år gamle, men tydelegvis uimpregnerte. Nye og trykkimpregnerte bord vart lagt inn i mai. Samstundes vart det køyrt på ein god del grus framfor stasjonsbygningen. Takk til Egil Olav Jakobsen, som gav fri grus.

Vi har fått laga nye tresoklar for dei to utelampene på hjørna av stasjonsbygningen. Dei gamle var gjennomrøtne, så lampene levde eit heller utrygt liv.

Ny sokkel for den eine lampa kom på plass utpå sommaren. Den andre tåler å henga ei stund til, og vil verta skifta ut i det komande året. Vi har no lys i båd lampene att, det er nokre år sidan sist! Vi skuldar Alv Tusberg takk fordi han dreidde soklane for oss kostnadsfritt.

Alle jernbanesvillene er smurde med Ovatrol. Det har vore rydda ein del rundt stasjonen. Kjellarnedgangen er spylt med høgtrykksspylar.

Vogna

Båd plattformene fekk i mai nye strok med måling, då dei hadde vorte nokså slitte og lite fine å sjå til. Ramme og boggiar vart høgtrykksspylte for å fjerna mose og anna skit. Delar av vognkassa har fått eit nytt strok måling.

Utpå hausten vart det oppdaga vasslekkasje frå den eine takventilen. Det ser ikkje ut til at tjærepappen på taket held fleire sesongar. Nytt tak må difor leggjast det komande året.

Regulering av sykkelveg forbi stasjonen

Som skrive i årsmeldinga for 1998 vedtok Bergen kommune å fullføra sykkelvegen forbi Stend stasjon. Etter protest frå grunneigar måtte kommunen skrinleggja opphavelag plan om å utvida Titlestadvegen ein meter mot sør og leggja sykkelvegen mellom stasjonsbygningen og vegen. Våren 1999 fekk endeleg Hordamuseet ny lagringsplass for alle gjenstandane som låg lagra i tyskarbrakka. Det gjekk ikkje lang tid før denne var tømt. I juli 1999 vart alle tyskarbrakkene i området rundt stasjonen rivne.

Bergen kommune skal ha kritikk for dårleg informasjon. Då Osbanens Venner hadde siste kontakt med kommunen på forsommaren 1999, var kommunalavdelinga (Teknisk utbygging) nettopp komen fram til at dei ikkje trong leggja asfalt i delar av jernbanesporet! Osbanens Venner vart aldri varsla om at noko slikt i det heile var på tale! Til all lykke gjekk kommunen altså vekk frå dette alternativet. Sykkelvegen har no fått plass over grunnen til den gamle tyskarbrakka aust for stasjonsbygningen og er vidare lagt ved sida av jernbanesporet, mellom dette og Stendafjellet. Resultatet kan vel alle seia seg nøgde med. Slik sykkelvegen no er lagt, er det opphavelage kulturlandskapet teke vare på. Som kjent var det i si tid to spor på Stend stasjon. No har vi skjener liggjande i traseen for spor 1. I traseen etter spor 2 går sykkelvegen. Dette vert historisk korrekt, sidan sykkelvegen elles følgjer Osbanen sin gamle trasé på det meste av strekninga frå Nesttun til

Selsvik. Avstanden mellom sykkelveg og jernbanesporet er rett nok ikkje større enn naudsynt, men alternativet var å sprenga vekk fjell og såleis øydeleggja kulturlandskapet.

Ein annan positiv ting er at grunnmuren frå det gamle vaskehuset er komen til syne etter at tyskarbrakka vart riven. Osbanens Venner vil ved muren setja opp eit lite skilt som fortel kva hus som har stått der, om bruksområde og at det har høyrte til stasjonen.

Diverre har gravemaskina som planerte sykkelvegen, køyrd i stykker fire sviller. Desse må skiftast ut.

Osmerra

Medlems- og informasjonsskrivet "Osmerra" har i 1999 berre kome ut med eitt nummer. Styret rakk diverre ikkje å få ut haustnummeret. Vårnummeret kom i mars og inneheldt årsmøteinncalling, årsmelding, arbeidsplan og budsjett. I tillegg hadde bladet ein artikkel om den kulturhistoriske vandringa som foreininga hadde hatt langs Kalandsvatnet i november året før. Sekretæren har stått for redigering av bladet. Annonser på baksida har til ein viss grad kompensert for utgiftene til kopiering og utsending. Også i år har kopieringa skjedd i privat regi, noko som har redusert utgiftene.

Arrangement

Osbanens Venner tok del på Norsk Jernbaneklubb si modelljernbanemesse som fann stad helga 9. og 10. oktober i Turnhallen på Slettebakken. Båd dagane var messa open frå kl. 11-17. Mykje folk var innom. Messa rettar seg primært mot modelljernbaneinteresserte, men femnar òg om andre jernbaneinteresser. For Osbanens Venner var det viktig å verta synleg i jernbanemiljø, ikkje berre lokalhistoriske miljø.

På eit par skinnestubbar stilte vi ut dresinen og ei gamal lykt, og på veggen hang ein del gamle bilete. Vi hadde sal av Osbane-artiklar. Salet gjekk ikkje så godt, men til gjengjeld fekk vi to nye medlemer. Osbanens Venner var invitert til messa og betalte ingenting for å få vera med. Alt i alt ser vi på arrangementet som vellykka, og vi er gjerne med eit anna år òg.

Laurdag 4. desember 1999 var tre styremedlemer frå OBV på omvising på Os stasjon. Kulturkonsulent Åsmund Lien viste rundt. Vi fekk mellom anna koma inn i den gamle vognhallen, der m.a. ei halv osbanevogn ligg lagra. Lien fortalde elles mykje om arbeidet med å restaurera Os stasjon og planar framover.

Diverse

Nytt av året er at Osbanens Venner har egne T-skjorter for sal. Først er det laga 60 skjorter. Skjortene har Osbane-emblemet med teksten "Nestun-Osbanen 1894-1935" trykt på brystet. Dei finst i ulike storleikar og i to fargar; raude og grønne - som signalflagga på jernbanen! Skjortene kom for seint til at vi har fått noko skikkeleg sal-framstøt på desse denne sesongen. Først har vi difor ikkje selt så mange. T-skjorter av denne typen plar vera populære, så vi reknar med godt sal etter kvart. I innkjøp/produksjon har skjortene hatt ein stykkpris på 35,- + moms. Utsalprisen er 75,- til medlemmer og 95,- til andre. Såleis er det fullt mogeleg å få eit økonomisk overskot på skjortene.

Økonomi

Vi minner om kontonummeret vårt (Fana Sparebank) for dei som ønskjer å senda frivillige bidrag til foreininga, eller som har gløymt å betala kontingenten. Om nokon ønskjer å tinga videofilmar (kr. 190,-), bøker (198,-), T-skjorter (75,-) eller postkort (5,- pr stk), kan dette skje ved å setja inn rett beløp på konto nr. 3414.18.00738. Hugs å leggja til litt til dekking av porto.

Sal av bøker, videokassetar og postkort på stasjonen har gjeve 3.000 kroner i inntekter. Av postkort har vi framleis seks ulike motiv for sal, det

vil seia dei fire som vart trykte i 1991 og dei to som vart trykte i 1997. Av korta med motiv frå Stend stasjon er vi nesten tomme. Dei andre korta har vi rikeleg av. Vi har dessutan halvannan kartong med jubileumsskriftet frå 1994. Videokassetar har vi 21 att av. Osbane-bøkene sel vi i kommisjon for utgjeveren Norsk Jernbaneklubb.

Medlemstalet er nokonlunde stabilt. I 1999 hadde Osbanens Venner 88 medlemmer. Av desse betalte 59 medlemmer kontingenten. Året før var talet på betalende medlemmer 67. Nedgangen i talet på betalende medlemmer skuldast at det i 1999 ikkje har vore sendt ut purring til dei som ikkje har betalt. Purringar vil verta utsendt i 2000.

Takk!

Til slutt ønskjer styret å takka alle som på ein eller annan måte har hjulpet til med å driva Osbanens Venner i 1999. Ein spesiell takk går til dei som var med som vakter på museet eller som tok i eit tak på dugnader. Vi vonar at vi skal få utretta mykje i åra som kjem òg!

Oddvar Skre

Egil Olav Jakobsen

Anders Kåre Engevik

Torleif Jordal

Per Ivar Rotvoll Tautra



Kulturvandring på Osøyro

På historisk grunn på Os stasjon

Tekst: Oddvar Skre

Os kommune har planar om å byggja opp eit Osbane-museum på det gamle stasjonsområdet på Os. Restaureringa av den gamle stasjonsbygningen er alt kome godt i gang. Ei original vogn skal òg på plass her.

Styret i Osbanens Venner stør opp om tanken om eit jernbanemuseum på tidlegare Os stasjon, og vil sjølvsgt bidra til å få dette realisert. Dette var bakgrunnen for at styret i Osbanens Venner tok kontakt med kulturkonsulent i Os, Åsmund Lien, om ei synfaring på stasjonsområdet på Osøyro laurdag 4. desember 1999. Berre tre av oss hadde høve til å reisa. I tillegg til artikkelforfattaren var Per Ivar Tautra og Egil Olav Jakobsen med på turen.



Bygningane skal restaurerast

Som kjent har Os kommune no vedteke å restaurera bygningane på stasjonsområdet. Den gamle vognverkstaden frå 1907 er blitt pumpestasjon for vatn- og avløpsseksjonen, men eksteriøret er i hovudtrekka tilbakeført til si opphavlege form.

Sjølve stasjonsbygningen er pussa opp og malt i dei opphavlege fargane, raudt med okergule lister. Og i nær framtid skal bygningen få tilbake altanen og det lange takutstikket over perrongen.

Den gamle vognhallen, som er 70 meter lang og ni meter brei, har i mange år tent som garasje for Osbilane, men skal no førast tilbake til si opphavlege form. Etter eit branttilløp i eit kjøleskap

i hallen 23. august 1999 har denne stått avstengd med hengelås. Til all lykke vart ikkje skadene større enn at bygningen let seg redda.

Kulturkonsulenten måtte gjera innbrot

Nøkkelen til Åsmund Lien passa ikkje i den nye låsen den dagen vi var på omvising. Men ein kulturkonsulent skal ikkje stå opprådd i slike tilfelle, og etter ein del arbeid med skrutrekkar (utlånt av eit styremedlem i OBV, red.merk.) greidde han å dirka opp låsen slik at vi kom oss inn i vognhallen. Lien kunne fortelja at den utvendige panelinga på vognhallen skal fjernast, slik at dei fine søylene, som ber taket, kjem til syne. I Osbanen si tid var det nettopp slik vognhallen var, ein open konstruksjon med tresøyler. *Innanfor* søylene skal det byggjast ein ny vegg, slik at bygningen kan brukast samstundes som søylekonstruksjonen er synleg. Halvparten av hallen skal leigast bort til brukskunstnarar, resten skal bli Osbanemuseum. Os kommune har fått eit 8-tonns diesellokomotiv i gåve frå Bergen kommune. Dette lokomotivet står inne i hallen saman med delar av ei personvogn frå Osbanen. Saman med Bremarvogna vil dette bli kjernen i det framtidige museet på Os.

Opptining i Oselvarverkstaden

Etter synfaringa i vognhallen i -5 °C temperatur inviterte Åsmund Lien oss inn i den nye Oselvarverkstaden for å varma oss opp igjen og visa fram noko av det fine handverket som osingane er kjent for, og som no blir vidareført til etterslekta gjennom kurs og opplærings-verksemd. Inne i verkstaden var det ein nesten ferdigbygd oselvar, og ein som så vidt var påbegynt og hadde fått strekt kjølen. Det var svært interessant og lærerikt, og styret i Os banens Venner takkar Åsmund Lien for at han gav oss høve til å sjå og læra litt om kulturen i Os. Vi ser fram til eit langvarig samarbeid med Os kommune, som både publikum, Os kommune og Osbanens Venner kan ha nytte av.

Osbane-vogn til Os stasjon!

Tekst: Egil Olav Jakobsen

Helt siden Osbanen ble lagt ned i 1935 har en av vognene fra den gamle banen vært i bruk som hytte i en hage på Kismul ved Kalandsvatnet. Nå er det mye som tyder på at den gamle vognen vil få et nytt liv som museumsobjekt på Os stasjon.

Historien om Bremar-vognen

Vognen som står på Kismul, er en Skabo-vogn fra 1907 med litra Co, det vil si en tredjeklasses boggipersonvogn. På Osbanen hadde denne vognen nummer XIII. Dette var den femte personvognen som Skabo Jernbanevognfabrik på Skøyen i Oslo leverte til Osbanen. Vognen ble levert i 1907, og sammen med en toakslet godsvogn som ble levert samtidig, kostet den banen den nette sum av 7800 kroner. Vognen var i bruk til banen ble nedlagt.

Etter nedleggelsen ble vognkassene fra personvognene solgt for 100 kroner stykket. En halv vogn kostet 50 kroner, og de fleste kassene ble faktisk solgt i halvparter. Tønnes Bremar kjøpte i 1935 vognen som ennå står på Kismul. Han var far til dagens eier, Rolf Bremar. I mange år, både før og etter krigen, ble vognen benyttet som hytte av familien Bremar. Den gangen stod det nemlig ikke noe annet hus på eiendommen. I dagene etter krigsutbruddet strømmet det byfolk fra Bergen ut på landet, og da kunne det være opptil 15-16 mennesker som overnattet i vognen samtidig!



Vognkassen som står på Kismul. Foto i 1998.

Nytt liv?

Os kommune, representert ved kulturkontoret, ønsker nå å overta den gamle vognen. I forbindelse med opprustingen av stasjonsområdet på Osøyro vil det være aktuelt å plassere vognen på skinner utenfor stasjonsbygningen. Som betingelse for at Os kommune skal få overta vognen, har Bremar sagt at han til gjengjeld må få en brakke til å plassere på grunnmuren som vognen har stått på. Eventuelt må han få materialer til å bygge en ny hytte av.

Det siste som har kommet oss for øre i denne saken, går ut på at kommunen nå har fått lovnad på en brakke. Brakken er besikket av Bremar, og han sier han kan godta denne som erstatning for vognen.


Det er å håpe at Kismul-vognen nå endelig vil bli sikret for ettertiden. Etter mer enn 60 år i friluft har tidens tann satt noen spor på vognen. Hadde det ikke vært for at vognen var plassert på en høy grunnmur, ville dens dager vært talte for mange år siden. Imidlertid kan dårlig økonomi i kommunen virke som bremsekloss i denne saken.

Osbanens Venner positivt innstilt

Osbanens Venner har stilt seg positivt til at vognen blir tatt vare på av Os kommune. Det er ikke, og har ikke, vært noe mål for foreningen å samle mest mulig på Stend. For Osbanens Venner er det viktigste at vognen blir tatt vare på. Og den vil dessuten passe godt inn i miljøet på Os stasjon. Osbanens Venner har for øvrig liggende et ekstra sett med to boggier og fire hjulaksler. Foreningen vil la kommunen få overta disse, mot et vederlegg for de utgiftene foreningen i sin tid har hatt for å få transportert materiellet til Norge. Os kommune vil få god bruk for disse, ettersom Kismul-vognen mangler understell.

Hundre år har gått...


Det er pussig å sjå korleis naturlandskapet kan forandra seg over tid. Har du studert hundre år gamle bilete frå Fana, har du sikkert lagt merke til kor lite vegetasjon det var i bygda den gongen. Nokre bilete kan endåtil få Fana-bygda til å minna om det reinaste 'western-landskapet'.



Under anlegget av Osbanen og dei første åra banen var i drift tok ingeniør Nicolay N. Sontum, kontraktøren for banen, mange bilete for å dokumentera arbeidet han hadde lagt ned. Desse bileta representerer eit svært verdfullt kulturhistorisk materiale.

Ovanfor ser me eit bilete som Sontum tok ved Seleneset ved Kalandsvatnet. Me ser mot Kaland i bakgrunnen. På eit lengre parti langs vatnet her måtte banebyggjarane sprenga vekk større fjellmassar. Mannen med dresinen er banevaktar *Olaf Fredriksen (1863-1941)*. Fredriksen kom frå Trondheim til Fana som anleggsarbeidar då bygginga av Osbanen starta i 1891. Då banen opna tre år seinare, var Fredriksen ein av dei relativt få som fekk fast stilling ved den ferdige banen. Olaf Fredriksen var frå 27. juni 1894 banevaktar og ekspeditør ved Hamre stasjon. Årsløna hans var i starten 700 kroner. Han slo seg ned i bygda, kjøpte i 1897 klokkargarden på Ånes og vart buande der. I 1901 sa Fredriksen opp stillinga si ved Osbanen og byrja i staden arbeida ved Statsbanene sin verkstad på Krohnstad i Bergen.

Til høgre ser me den same staden fotografert 1. november 1998. Skjenene frå Osbanen vart fjerna for over 60 år sidan og naturen har for lengst teke overhand. Me ser elles at det har kome vegetasjon utanfor traseen òg. Landskapet er i dag langt meir skogkledd enn for hundre år sidan. Styremedlem i



Osbanens Venner, Egil Olav Jakobsen poserer for fotografen. Han er oldebarn til gamle Olaf Fredriksen. Sontum-biletet var truleg teke i 1898. I alle høve tok Sontum eit anna bilete av Olaf Fredriksen og som må vera teke det året. Med andre ord gjekk det temmeleg nøyaktig hundre år frå banevaktaren vart fotografert til oldebarnet poserte i den attgrodde traseen. Tida går.

Tekst: Per Ivar R. Tautra

Osbanens Venner
Postboks 178 Nesttun
5852 Bergen

PLASS
FOR
FRIMERKE

MELD FRÅ OM ADRESSEENDRING!


Sundtsvei 2, 5050 NESTTUN
Telefon 55 13 14 00 - Telefax 55 13 02 70



TH. VINDENES

KOLONIAL OG BRØD
Telefon 55 91 52 30

Med de
beste bakerverer

TA KONTAKT MED



FANA BLIKK

KOBBER & BLIKKENSLAGER - FANAVEIEN 39 - 5030 NESTTUN
Tlf: 55 13 85 85 - MOB: 946 28 200

• Taktekking • Blikk- og ventilasjonsarbeid • Salg av
takstein, renner, snøfangere • Velux takvinduer m.m.

Tlf: 55 13 85 85

FANA SNARKJØP

Titlestadvegen 230, 5243 Fana
Telefon 55 91 57 61